

Saksbehandlar: Eva Moberg, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 18/9359-2

## Prioriteringar for kulturminneforvaltninga 2019

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for næring og kultur til å gje slik tilråding:  
Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune tek brevet frå Riksantikvaren av 27.11.18 om prioriteringar for kulturminneforvaltninga i 2019 til vitande.
2. Fylkeskommunen føreset at staten kompenserer for dei oppgåvene som vert overførte frå Riksantikvaren, og at dette vert synleggjort i Kommuneproposisjonen som kjem i mai 2019. Fylkeskommunen er innstilt på å styrke eiga bemanning på kulturminnefeltet i samsvar med dei signal som kjem i nemnde proposisjon. Jf. vedtak i FU-sak 74/18.

### **Vedlegg:**

1. Prioriteringsbrev frå Riksantikvaren, datert 27.11.18
2. Saksframlegg høyring av ny ansvarsforskrift og overføring av nye oppgåver.

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Vedlagt ligg årleg prioriteringsbrev frå Riksantikvaren (vedlegg 1). I brevet gjer Riksantikvaren greie for nasjonale mål og prioriteringar for kulturminneforvaltninga slik desse er omtalt i politiske styringsdokument og i statsbudsjettet for 2019.

Den årlege politiske handsaminga av denne saka går som tilbakemelding til Riksantikvaren.

Riksantikvaren viser til at regionreforma vil få store konsekvensar for korleis kulturminneforvaltninga skal arbeide i framtida. Ny ansvarsforskrift for kulturminneforvaltninga er under utarbeiding og skal implementerast frå 01.01.20. Fylkeskommunen har gjeve uttale til den nye ansvarsforskrifta i FU-sak 74/18 (vedlegg 2). Det vart her gjort følgjande vedtak:

1. *Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar i det vesentlege Klima- og miljødepartementet sitt forslag til overføring av mynde og oppgåver på kulturminneområdet frå Riksantikvaren til fylkeskommunane frå 01.01.20.*
2. *Fylkeskommunen føreset at overføring av oppgåver skal følgjast av tilsvarande overføring av økonomiske ressursar, og at dette vert synleggjort i kommuneproposisjonen som kjem i mai 2019. Dette må følgjast vidare opp i fylkeskommunen si økonomiske budsjettering og planlegging. Fylkeskommunen meiner at eit tilstrekkeleg økonomisk grunnlag for å handtere dei nye oppgåvene, vil vere ein heilt nødvendig føresetnad for å lukkast.*
3. *Det vil vere behov for å bygge opp kompetanse og bemanning i fylkeskommunen/Vestland fylkeskommune for å ivareta dei nye oppgåvene.*

I Prop. 1 S (2017-2018) frå Klima- og miljødepartementet la regjeringa fram forslag til nye nasjonale mål på kulturminnefeltet. Våren 2020 skal regjeringa legge fram ei stortingsmelding om kulturminnefeltet. Endringar i dei nasjonale måla skal handsamast i denne meldinga.

## **2. Riksantikvaren sine prioriterte oppgåver**

Riksantikvaren gjev i prioriteringsbrevet greie for prioriterte satsingsområde på bakgrunn av Statsbudsjettet for 2019, Stortingsmelding 35 (2012-13) og nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging som er gjevne i kongeleg resolusjon.

Følgjande område har særleg relevans for våre prioriteringar i 2019:

### Regionreforma og delegering av oppgåver til regionalt folkevalt nivå:

Hovudprinsippet i den nye kulturminneforvaltninga frå 2020 vil vere at Riksantikvaren reindyrkar si rolle som direktorat og at regionane tydeleggjer/forsterkar si rolle som aktør i samfunnsutviklinga når det gjeld bruk og vern av kulturarven. Riksantikvaren understrekar at det no er viktig at regionane sikrar naudsynt kompetanse og kapasitet til dei nye oppgåvene frå årsskiftet 2020.

Oppgåveoverføringa er organisert i prosjektet *Kulturminneforvaltning 2020*, der framtidige arbeidsprosessar, rettleingsmateriell og digitale tenester vert utvikla. Det er forventa at fylkeskommunane set av tid til å delta i desse aktivitetane i 2019.

### Kulturminne i kommunane:

Riksantikvaren skal no i gang med å utarbeide ein strategi for arbeid med kulturminne i kommunane. Denne vil innehalde forventningar til korleis regionalforvaltninga kan rettleie og samarbeide med kommunane. Dette omhandlar:

- prioritering av arbeidet med rådgjeving, rettleiing og planfagleg oppfølging av kommunane
- handtering av kulturminneinteressene i plan- og byggesaker i dialog med kommunane
- tydeleg skilje mellom styresmakt- og rådgjevrolla for freda og verneverdige bygg
- vere tidleg og tydeleg når det gjeld kulturminneinteresser utover lokal verdi.

Riksantikvaren si pågåande satsing med kulturminneplanar i kommunane (KIK) vil halde fram ut 2020. Fylkeskommunane vert oppmoda om å søkje tilskotmidlar for å halde kurs og opplæring for kommunane.

### Kulturmiljø og kulturhistoriske landskap (KULA):

Riksantikvaren har sett i gong etablering av eit samla register for kulturmiljø og kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. Arbeidet skal gjennomførast i eit tett samarbeid med regional kulturminneforvaltning.

### NB! registreret:

Riksantikvaren vil i 2019 oppdatere omtale og grunngjeving for område som inngår i NB!-registeret (oversikt over kulturmiljø i byer og tettster i Noreg som har nasjonal interesse). Arbeidet skal gjerast i samarbeid med fylkeskommunane. Revideringa vil bli sendt på høyring i 2019. I Sogn og Fjordane inngår Flora, Høyanger, Lærdalsøyri og Nordfjordeid i NB!-registeret.

### Forvaltning av verdsarvområda:

Riksantikvaren ynskjer at regionalforvaltninga skal bidra til *beste praksis* i forvaltninga av verdsarvstadene og viser til tidlegare års prioriteringsbrev om skjerpa forvaltningspraksis i alle ledd. Riksantikvaren ynskjer at regionalforvaltninga skal involvere seg sterkare i alle typar arealplanarbeid som vedkjem verdsarven og gje dette høgaste prioritet.

## **3. Fylkesrådmannen sine vurderingar**

### Regionreforma og delegering av oppgåver til regionalt, folkevalt nivå:

Fylkesrådmannen meiner det er nødvendig å førebu seg på overtaking av nye kulturminneoppgåver og at det er nødvendig å få kapasitet og kompetanse på plass til 1.januar 2020.

For Sogn og Fjordane fylkeskommune er det vurdert at dei nye oppgåvene vil krevje 4 nye årsverk (jf. vedlegg 2). Overtaking av forvaltningsansvaret for freda bygg i statleg eige vil krevje arkitektfagleg kulturminnekompetanse. Fylkesrådmannen vil i tillegg vise til forvaltningsrevisjonen av kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane (2017) der det vart avdekkja manglande oversikt over regionalt viktige kulturminne i fylket og ein utfordrande ressurs-situasjon knytt til

handtering av nyare tids kulturminne. Det vil såleis vere behov for ei generell styrking av fagområdet.

Innafor arkeologifeltet vil delegering av dispensasjonsmynde for automatisk freda kulturminne og overføring av ansvar for profane (ikkje-kyrkjelege) mellomalderbygningane i tre og for kyrkjegardar, kyrkjestader og ruinar frå mellomalderen (m.a. Selja Kloster), gje ei betydeleg auke i arbeidsoppgåver. I tillegg krev arkeologidelen - både skjøtsel, tilrettelegging og ikkje minst feltarbeid - kapasitet utover det fylkeskommunen har i dag. Det vil difor vere naudsynt å styrke ressursituasjonen også på arkeologifeltet.

Det har vore dialog med Hordaland fylkeskommune, og vurderinga er gjort ut frå ei samla vurdering av kompetanse- og kapasitetsbehova i nye Vestland fylkeskommune. For Hordaland fylkeskommune er behovet vurdert til 2 nye årsverk.

Sogn og Fjordane fylkeskommune deltek på sakshandsamarnivå i Riksantikvaren sitt prosjektet *Kulturminneforvaltning 2020*. Fylkesrådmannen vurderer dette som ein viktig arena i arbeidet med å førebu overtaking av nye oppgåver og i utviklinga av nye digitale tenester i kulturminneforvaltninga.

#### Kulturminne i kommunane:

I Sogn og Fjordane har alle kommunane, med unntak av Jølster, delteke i KIK-prosjektet og fått midlar over Riksantikvaren sin tilskotsordning. Halvparten av kommunane har ferdigstilt sine kulturminneplanar og fleire har signalisert at dei vil slutføre arbeidet i 2019. Fylkeskommunen vil følgje opp med råd og rettleiing i dette arbeidet.

I samarbeid med Hordaland fylkeskommune er det for 2019 søkt Riksantikvaren om midlar til å skape møteplassar og kompetansesemodellar for samarbeid mellom musea, kommunane og dei frivillige i det vidare arbeidet med kulturminne i kommunane.

#### Kulturmiljø og kulturhistoriske landskap:

Sogn og Fjordane fylkeskommune er godt i gong med kartleggingsarbeidet som omfattar landskap i rurale område (KULA). Dette vil bli ei prioritert oppgåve også i 2019.

#### NB! registreret:

Fylkeskommunen vil samarbeide med Riksantikvaren i arbeidet med revidering av NB!-områda.

#### Forvaltning av verdsarvområda:

Forvaltninga av verdsarvområda Vestnorsk Fjordlandskap og Urnes stavkyrkje har høg prioritert i fylket vårt. I 2017 vart det konstituert eit verdsarvråd for Urnes med politisk oppnemnde medlemmar. I statsbudsjettet for 2019 er det sett av midlar til autorisasjon av verdsarvsenter for Urnes, og det blir arbeidd med å etablere eit senterbygg på Ornes.

## **4.Konklusjon**

Av Riksantikvaren sine satsingar for 2019 vil fylkesrådmannen særleg prioritere å følgje opp arbeidet med forvaltning av verdsarvområda, kulturminnearbeidet i kommunane, arbeidet med kartlegging av kulturmiljø og kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse, samt deltaking i Riksantikvaren sitt prosjekt *Kulturminneforvaltning 2020*.

Fylkesrådmannen meiner at dagens kompetanse og kapasitet på kulturminnefeltet ikkje er tilstrekkeleg når vi skal overta nye delegerte kulturminneoppgåver frå staten frå 2020. Vi må, parallelt med at arbeidet med å overføre nye oppgåver, sikre oppbygging av kompetanse og bemanning slik at vi kan ivareta ein forsvarleg forvaltning og tenesteyting på området.